



Notat

Dato: 12.11.2018

Arkivsak: 2018/16504-1

Saksbehandlar: Gina Landro

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilråding om mogleg innkjøp av jodtablettar

Statens strålevern, Statens legemiddelverk og Folkehelseinstituttet har gått ut med informasjon til alle kommunar om innkjøp av jodtablettar som beredskap ved atomuhell.

Den medisinske tilrådinga er at alle under 18 år, samt gravide og ammande, skal ta jod ved atomuhell og etter instruksjon frå myndighetene. Ved spesielt alvorlege hendingar kan det også vere aktuelt at alle personar under 40 år tek jodtilskot.

Jod gjev berre beskyttelse mot ei form for radioaktiv stråling, nemleg jod-stråling. Det er ikkje ein universell beskyttelse. Det er difor viktigast ved eit atomuhell å halde seg innandørs og lukke vindauge og ventilasjon. Dei andre formane for stråling som oppstår ved ei atomulukke (t.d. strontium-stråling) har ein ikkje beskyttelse mot.

Rådet frå fagfolk er difor at ein ikkje skal måtte gå ut for å skaffe seg jodtablettar. Då risikerer ein både å utsetje seg sjølv for mange typar farleg stråling og å ta med seg partiklar tilbake som kan føre til helseskade hos andre.

Bergen kommune si Seksjon for samfunnssikkerhet og beredskap siktar difor mot å ha lokale lager av jod på alle skolar og i barnehagar.

Det er kommunen som har beredskapsansvaret for innbyggjarane ved eit atomuhell. Kommunane har også ansvar for alle elevane på den vidaregåande skolen, sjølv om dei er busette i ein annan kommune. (Dette er presisert i Statens strålevern sin temaartikkel «Distribusjon av jodtablettar til kommunene», publisert 14.09.2018.)

Av praktiske grunnar meiner vi likevel at fylkeskommunen bør kjøpe inn jodtablettar som skal vere tilgjengelege på den einskilde vidaregåande skole. Det bør utformast ein eigen rutine for skolane ved atomuhell som også tar for seg distribusjon av tablettane på skolen.

Om fylkeskommunen skal be kommunane om å dekkje kostnaden knytt til elevar kan vurderast. Hordland fylkeskommune har rundt 16.000 elevar. Vi har pr. dd. 1154 tilsette under 40 år.

Kostnad og haldbarheit:

Jodix kjem pakningar på 100 tablettar. Vi treng difor 160 eller 172 pakningar, alt etter om vi vel å kjøpe inn til berre elevar eller både elevar og tilsette under 40 år.

Dei fleste apoteka opererer med ein pris på rundt 1000,- kr. for 100 stk Jodix tablettar. Sunnfjord apotek/E-apoteket har derimot ein pris på nett som er 625,- kr. for 100 stk. I og med at vi potensielt vil gjere eit stort innkjøp, så vil Sunnfjord apotek kunne gje oss ein pris på kr. 550,- pr. 100 pakning. (Ref. eigar Jostein Brudevoll.)

Med den prisen blir kostnaden følgjande:

For berre elevar: 160 pk. x 550 kr. = 88.000,- kr.

For elevar og tilsette under 40 år: 172 pk. x 550 kr. = 94 600,- kr.

Varene blir fritt levert.

Pakkane som er på lager no er merka med utløpsdato 31/8-2022, som er 4 år frå produksjonsdato.

Jodtablettane skal ifølgje Helsedirektoratet si avdeling for medisinsk utstyr fungere i minst 10-11 år etter dei er produsert, så lenge dei blir rett lagra.

Gro Altenau
Bedriftslege

Gina Herland Landro
Knst. leiar Bedriftshelsetenesta HFK